



VESTNORSK
UTVANDRINGSSENTER

M U
H O

Årsmelding 2024



28.-30.juni 2024
**UTVANDRINGS-
FESTIVALEN**
Språk og kultur på vandring



Innhald

Innhald 1

Innleiing	1
Mål: Organisasjon og økonomi	2
Økonomi	2
Utleige	2
Felles ressursbruk i MUHO	2
Universell utforming og tilgjenge	3
Relevant formidling	3
Besøk	3
Arrangement	4
Utstillingar	8
Mål: Aktiv samhandling	9
Nettverk og prosjekt	9
Frivillige, samarbeidspartar og medverking	10
Marknadstiltak	10
Sosiale media og digital formidling	11
Mål for heilskapleg samlingsutvikling	12
6 Mål Trygg ivaretaking	12
Samling	12
Bygg og anlegg	12

Innleiing - Året på Vestnorsk utvandringssenter

Vi har godt med besøk gjennom heile året, og torsdagsmøteplassen i Kafé Emigranten har vorte eit godt etablert og kjærkome tilbod til ein gjeng av stamgjestar, ei gruppe som stadig får nye medlemmer. Dei gjev stadig uttrykk for kor viktig dette er for dei. Vi har og hatt godt besøk både av grupper og skuleklassar.

Vi har sett i gong restaureringstiltak som har vore ønskt og planlagt lenge, og som no let seg gjere ut frå tilskot og økonomi. Vi merka i 2024 at Utvandringssjubileet, Crossings200 nærmar seg, og fekk mange førespurnader om samarbeidsprosjekt. Vi har hatt fokus på mangfald, inkludering og universell tilrettelegging, og har hatt eit travelt og kjekt år.

Mål: Organisasjon og økonomi

Økonomi

Utvandringscenteret har grei kontroll på økonomien. Vi har fått tilsegn på prosjektsøknader i 2024 på 10 000 frå Sparebanken Vest for to prosjekt, Torsdagskafé og Festivalmyldring under Utvandringsfestivalen. Venneforeininga løyvde 20 000 til Utvandringscenteret i gåve, som dekker nytt telt som er kjøpt inn for å erstatte det gamle i som passar i Saloonen. I tillegg har vi tidlegare fått løyvd kl 200 000 frå Vestland fylkeskommune, Museumsloft og kr 150 000 frå UNI-Stiftelsen til restaurering av Nybyggargstova. I 2024 starta arbeidet og i løpet av året vart bygget nær ferdig restaurert.

Utleige

Emigrantkyrkja vert leigd ut til kyrkjelege oppgåver og eventuelt konsertar, og har i år vore leigd ut til ein barnedåp og fire gravferder. Kafé Emigranten har vore utleigd til eitt møte og feiring av ein barnedåp. I 2024 som året før, vart Emigrantkyrkja leigt ut til Kristen Media som via Bedehuskanalen og andre digitale kanalar, dei hadde direktesending i tre dagar i samband med Thanksgiving. Husa på prærien og området har vore utleigd for trening av søkshunder.

Ved gravferder betaler soknet eller kyrkjelyden leige av kyrkja. Ei gravferd var tilknytta Pinsemenigheten. Det er vanleg å ha barnedåp i samband med ordinære gudstenester, og dette gjer at musikk og tenester knytt til seremonien ikkje treng kallast ut ekstra. Radøy sokn gjennomfører ikkje ordinære gudstenester i Emigrantkyrkja, men i sine egne kyrkjer. På grunn av stram økonomi i Alver kyrkjelege fellesråd ønsker dei ikkje lenger å nytte Emigrantkyrkja til barnedåp, då må foreldre sjølv skaffe eventuell musikk, kyrkjetenar og betale leige for kyrkja. Det var planlagt og bestilt tid for bryllup i Emigrantkyrkja i vår, men på grunn av økonomi vart tinginga avlyst. Dersom eit brudepar som ikkje kjem frå soknet likevel ønskjer å gifte seg i Emigrantkyrkja, må brudeparet sjølv betale dette som elles er del av pakka om ein står i statskyrkja. For mange er Emigrantkyrkja ei viktig kyrkje, og vi opplever at utflyttarar som har tilknytting til kyrkja ønskjer å gifte seg her. Det vert no vanskelegare og dyrare for brudepar eller dåpsforeldre å velje å nytte kyrkja vår.

Personale

Personalet på Vestnorsk utvandringscenter består av Lena Eikeland Kutschera, avdelingsleiar 100 %, Linn Merethe Myrtveit, formidlar/museumspedagog 100 % og Harald Mellingen, handverkar og drift 50%. Det var tilsett to sommarvertar, Sindre Røynstand Kolås som også var med oss i fjor, og Ragnhild Repål Namtvedt som var ny i 2024. Begge sommarvertane kjem lokalt frå Radøy, noko vi er glade for.

Felles ressursbruk i MUHO

Vi deltar i mange forskjellige grupper og oppgåver i MUHO. Avdelingsleiar er med i leiargruppa, marknadsføringsgruppa og tilknytta ressurs både når det gjeld samling og bygg. 10% av stillinga til formidlar er knytt opp mot administrasjon for å ta seg av nettbutikken til MUHO. Formidlar er også del av formidlingsgruppa, prosjektleiar for felles MUHO-prosjekt knytt til formidling og verneombod for Vestnorsk Utvandringscenter og Lyngheisenteret. Handverkar er del av bygningsgruppa.

Universell utforming og tilgjenge

Alle tre fast tilsette på Utvandringssenteret deltok på MUHO sitt kurs i universell utforming. Vi fekk god omtale frå brukaren i rullestol som hadde vore på besøk hos oss tidlegare. Vi har den seinare tida gjort ein del tiltak for å bli meir tilgjengeleg for fleire, slik at vi kan verte eit museum for alle. Vi avventa nokre av tiltaka for å forhøyre oss under dette kurset. Frametter vil vi gjere endå meir for dette, både når det gjeld lyd, for synshemma og for å komme fram og over hindringar.

Relevant formidling

Besøk

Det er arbeida vidare på formidlingsopplegg knytt til Migrasjon, og i den samband har vi også nytta oss av materiale vi har fått inn i prosjektet Nye stemmer når dette har vorte utarbeida. Dette har vi nytta både retta mot elevar både frå ungdoms- og vidaregåandeskule. Det er også innarbeida i omvisingane vi har for grupper og besøkande på Utvandringssenteret.

Vi hadde ope på Utvandringssenteret 103 dagar i 2024, dette inkluderer dei faste torsdagskaféane som vi har hatt kvar veke. Ved fleire høve hadde vi i tillegg arrangement på kveldstid på torsdagar.

Vi har hatt fleire skulebesøk enn året før, 12 ulike skulebesøk og aktivitetsdagar frå barnehage til vidaregåande skuler. Her hadde vi forskjellig opplegg tilrettelagt for alderstrinna. Frå førskule, prærieaktivitetar, gamledagar, escape box og tilrettelagt for byggfag.

I tillegg har vi hatt bestilte 15 grupper på besøk, mange av desse med matsservering i kaféen. Vi har hatt tilrettelagde grupper for menneske med synsutfordringar, tilrettelagd for menneske med demens, med forflyttingsvanskar eller andre typar utfordringar.

Det totale besøkstalet for 2024 enda til slutt på 3334, ei oppgang på over 300 frå året før, og det endåtil med opptil fleire av dei vanlegvis store arrangementa våre anten regna eller blåste bort, og hald folk vekke på haustparten.

Besøk		2024							
	116	117	119	120		123	150	151	
	Enkeltbesøk voksne	Enkeltbesøk barn og unge	Besøk i grupper, voksne	Besøk i grupper, barn og unge		besøkende som betalte inngangspenger	Antall barn i organisert undervisning/ tiltak	- av dette, Den kulturelle skolesekken	
januar	84	0	12	0		12	0	0	
februar	122	3	0	0		0	0	0	
mars	114	16	0	0		0	0	0	
april	106	8	46	44		53	44	16	
mai	155	10	245	31		229	28	0	
juni	483	159	109	162		159	99	59	
juli	206	99	33	7		171	0	0	
august	127	20	64	0		118	0	0	
september	95	26	80	60		87	58	38	
oktober	177	76	36	0		68	0	0	
november	132	50	20	0		0	0	0	
desember	92	25	0	0		0	0	0	
TOTALT	1893	492	645	304		897	229	113	
						inkl. i andre felt	inkl. i andre felt		
Totalt antall besøkende til museumsstatistikken:				3334					
sum felt 116-117-119-120									



Arrangement

Vi hadde 17 arrangement, der ein av dei var konsert, dette var allsongkonserten vi hadde før jul.

Dato 2024	Arrangement	Type	Evaluering
24. jan	Fortellerkveld - Del din historie - om amerikapakker og utvandraslekt	Fortellerkveld, med Memoar	Greitt fremmøte, fleire fortellingar samla inn i etterkant
15. feb	Møteplass og filmframsyning	Dagtid, Radøy sogelag	
19. mar	Påskekos på Sletta - Påskefé og påskeverkstad	Kveld, elevbedrift	Koseleg, barn og vaksne, fullt i kaféen
20. apr	99. bataljon - med norsk språk i amerikansk hær	Foredrag, open utstilling og kafé. Gratis	60 fremmøtte. God respons og avslutning av utstilling.

12. mai	<u>Utstillingsopning og sesongstart - Harmonic contrasts</u>	Fotograf med innleing. Salgsutstilling i Emigranten	Greitt framsmøtte. Diverre ikkje sal i løpet av utstillingperioden.
28. jun	<u>Pub og quiz i Samfunnshuset Skogen</u>	Utvandringsfestivalen, Radøy målag og Samfunnshuset	Mykje folk på quiz, og vårt lag vann quizen
29. jun	<u>Festivalmyldring i Utvandringsfestivalen</u>	Dansekurs, internasjonal mat, am-cars. Gratis	Ca 175 fremmøtte. Populært. Lite am-cars pga stemne. Mat sær sars populær
30. juni	<u>Festgudsteneste og monumentseremoni i Utvandringsfestivalen</u>	Venneforeninga, Radøy sokn. Språkprofessor Johan Myking hovudtalar	Flott tale. Greitt å ha dette søndag etter gudstenesta. Litt langtekkeleg for borna som vil på familiedag.
30. jun	<u>Familiedag på Prærien i Utvandringsfestivalen</u>	Aktivitetar på Prærien	Populær familiedag.
30. jun	<u>Språkprofessor Gunnstein Akselberg i Saloonen</u>	Planlagt fredagskveld, men flytta til søndag grunna sjukdom.	Greitt framsmøtte, hadde hatt plass til fleire.
15. sep	<u>Familiedag på Prærien</u>	Populær dag, mange frivillige	Dårleg vermeldingar, gjev mindre besøk
3. okt	<u>Rag rug - med ei nål - temakveld i Ullveka</u>	Kurs/worskhop Ullveka	Koseleg, men nytt tema neste gong
4. okt	<u>Filmframsyning Amerikafeber</u>	Samfunnshuset Skogen, ønske om å inspirere til revy	Greit oppmøtte, mange gjekk etter filmen. Skulle ønskt ein grei pubkveld med mimring.
31. okt	<u>Halloween på prærien 2024</u>	Orkanen Jakob pågjekk med farevarsel i andre regionar enn vår.	Dårleg ver og vermeldingar hald folk unna eit eller sær sars populært arrangement. Likevel kom ein god del.
24. nov	<u>Utekinno og lystenning</u>	Bygdekinnoen	Igjen, sær sars dårlege vermeldingar. Utekinnoen flytta inn.
5. des	<u>Førjulskveld på Sletta</u>	Kulturskulen i Alver. Allsongkonsert i Emigrantkyrja.	Koseleg og populært med allsong. Nokre var berre med på konserten. Dette vil vi gjere igjen.
5. des	<u>Førjulskveld på Sletta</u>	Kafé og juleverkstad i Emigranten før og etter. Julekafé og verkstad	nokre var innom i kaféen, og nokre begge deler

Nytt i år var at vi inviterte til Påskekos, ein familiekveld med kafé og påskeverkstad. Dette gjorde vi saman med elevbedrifta som ein gong i månaden tek over Torsdagskaféen. I samband med påska, og stengt kafé skjærtorsdag, tok dei heller ein kveldsstund rett før påska. Dette var kjekt og en god del kom, ettersom kaféen elles berre er open på dagtid. Denne kveldsstunda hadde også familiar som jobbar på dagtid høve til å komme. Dette vil vi gjenta kommande år i samarbeid med elevbedrift.

I høve at utstillinga *Minne frå ein krig* om 99. bataljon skulle takast ned, ønskte vi ei markering og ekstra fokus på denne. Vi hadde open dag med utstillinga, vi hadde kafé og høgdepunktet var Inge Alver sitt foredrag basert på det han hadde i høve John Pettersen si 101 års dag. Dette vart ei vellukka dag med bra besøk.



Utvandringsfestivalen 2024 hadde tema Språk og kultur på vandring. Fredagskveld i Saloonen med språkprofessor Gunstein Akselberg, vart endra då professoren vart sjuk. Heldigvis vart han frisk nok og hadde høve til å ta foredraget sitt søndagen etter familiedagen. Dette gjorde at Quiz og Pub saman med Radøy Mållag og Samfunnshuset Skogen vart einaste aktiviteten fredag i Utvandringsfestivalen.

Laurdag var det klart for Festivalmyldring, slik vi har hatt dei siste åra. Sidan tema var språk og kultur på vandring, ønska vi å trekke fram dette. Vi fekk med oss Internasjonal kafé frå frivilligsentralen i Alver kommune som solgte god mat frå mange land, og publikum fekk dermed ei kjensle av matkulturen som også vandrar. Vi ønskte også medverking og aktiv deltaking frå publikum, og oppmoda dei gjennom heile helga å dele sitt favorittord på ein installasjon.

Ved sidan av matkultur er også musikk og dans ein viktig del av kulturen som vandrar og vert del av felles kultur. Dette ønska vi å ta inn i form av små dansekurs der alle som ville kunne vere med. Vi hadde swing, line dance og salsa. Vi hadde og ein avtale om afrikansk dans, men sjukdom hos instruktør samme dag gjorde at dette fall ut. Vi forsøkte også å få med oss norsk folkedans, men sidan Utvandringsfestivalen samanfall med Landskappleiken vart dette vanskeleg å få til. Likevel, dansegolvet i saloonen var full av glade menneske som fekk prøve seg på ulike danseformar.

Søndag var det festgudsteneste i regi av Venneforeininga og Radøy sokn. Etter dette var det klart for monumentsseremoni, med Norrønamonumentet i fokus. Her fekk vi nok ein språkprofessor, Johan Myking, til å halde ei fin hovudtale, med vekt på positive følger og resultat av både språk, kulturar og menneske som er på vandring. Han låg vekt på at *Migrasjon, forflytting og kultur møte må ikkje berre sjåast som problem – dei positive sidene må framsnakkast!*

Etter denne seremonien var det klart for den populære Familiedagen i Utvandringsfestivalen, og som vanleg var det mange kjekke aktivitetar på Prærien. Frivillige og tilsette levandegjorde miljøet i Prærielandsbyen i tidsriktige draktar, og folk fekk prøve seg i aktivitetane og ta amerikabilder i

tidsriktige klede. Sidan tema var språk, var det også høve til å skrive amerikabrev med penn og blekk, eller dele sitt favorittord i installasjonen.

Språkprofessor Gunnstein Akselberg avrunda dermed Utvandringfestivalen 2024, i staden for å starte den. Det var bra med folk i Saloonen, og på trass av sol og lys, som gjorde framvisinga av lysbileta hans litt vanskeleg, fekk folk med seg god formidling likevel. Alt i alt var det ei vellukka festival.



Utover hausten hadde vi som vanleg mange arrangement, både store og små, familiedagar, workshops og filmframsyning.

Under oppsettinga av spelet Amerikafeber i 2000 og 2002 vart det teke opptak og gjeve ut på VHS. Ivar Hopland har fått digitalisert denne og vi viste den på storskjerm i samfunnshuset. Det vart for mange artige gjensyn med både seg sjølv, naboar og kjende. Ivar Hopland håpa kvelden vill inspirere til nyoppsetting i det kommande 200 årsjubileet for den norske utvandringa. Ivar Hopland var revygeneral den gong og er framleis aktiv i revymiljøet, han er leiar i Alver kulturråd og ein av eldsjelane bak Alver revylag.

I samband med Ullveka arrangerte vi workshop i rag rug og nålebinding i kafe Emigranten.

To familiedagar, *Livet på Prærien* i september og *Halloween* 31. oktober vart diverre råka av særsl dårlege vermeldingar. Vi valgte likevel å gjennomføre, men opplevde at besøkstalet på desse arrangementa vart lågare enn det pleiar. Likevel var det overraskande mange som kom, særleg på Halloween, då orkanen Jakob herja i nærleiken av vår distrikt, og det blei kjekke arrangement. På Halloween hadde vi med oss to ungdommar gjennom Operasjon dagsverk.



Fram mot jul hadde vi som vanleg julepynta vindauge i alle hus i Prærielandsbyen og i kafe Emigranten. Vi inviterte til Førjulskveld på Sletta med *Allsongkonsert* i Emigrantkyrja, der nokre elevar frå Kulturskulen i Alver spelte og var forsongarar. Det var koseleg og populært med allsong. Det var *julekafe* og *juleverkstad* i Emigranten før og etter konserten, og nokre var innom i kaféen, nokre på konserten og nokre begge deler. Dette vil vi gjere igjen.



Utstillinger

Utstillinga i Lærarbustaden, *Minne om ein krig*, om 99. bataljon, sto fram til april. Utstillinga hadde då vore tilgjengeleg for publikum sidan den vart opna i 2012. Den vart pakka ned ved hjelp av Dokumentasjonsteamet frå Bevaringstenestene.

Sesongstart var søndag 12. mai, då hadde vi samtidig utstillingsopning av fotoutstillinga *Harmonic Contrasts* med bilde tatt av Fotograf Morten Sæle. Dei same bilda var i mars utstilt i Trygve Lie Gallery i New York, eit galleri tilknytta Sjømannskirka.

Den andre sommarutstillinga, *Menneske og språk på vandring* var i Rådhuset. Dette var ei vandreutstilling laga av Nynorsk kultursenter. Vi har sett at språk var viktig i alle dei 25 fortellingane vi fekk inn i prosjektet Nye stemmer, same samling. Vi brukte våre Nye stemmer til å kommentere og supplere utstillinga.



Vi hadde dessutan små pop up utstillingar, med gjenstandar og små digitale filmar som rullar og går i fleire av vindauga. I samband med Halloween var det digitale filmar om dei tradisjonelle og typiske symbola ein møter, og historia til feiringa, frå gammalt av, til USA og i vår eiga tid her i Norge. Fleire skjermar gjekk gjennom heile førjulstida saman med dei julepynta husa i desember. Her fortalde vi om juletradisjonar, skikkar og historie, og viste fram eit utval av gamle julekort frå samlinga vår.

Mål: Aktiv samhandling

Nettverk og prosjekt

Vi deltek i det nasjonale nettverksprosjektet Mangfoldsnettverket. Dette nettverket nærmar seg slutfasen i det treårige prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, der vårt prosjekt har vore Nye stemmer. Mangfoldsnettverket søkte om nytt treårig prosjekt, *Kultur i transitt*, men fekk diverre avslag. Nettverket vart likevel einige om å halde fram den gode kontakten som er etablert gjennom nettverksprosjekta. Ei mindre gruppe av friluftsmuseer innan samme nettverk er kalla *Bryt fasaden*, og mellom desse har det vore ekstra god kontakt, som også vil halde fram. Avdelingsleiar har mellom anna vore på to samlingar i nettverket, ei med *Bryt fasaden* til Saemien Sijte på Snåsa, og med samla med heile Mangfoldsnettverket til Tromsø.



Vi deltek også i nettverket *Crossings200* som har vorte namnet og den felles norske og amerikanske overbygginga for 200 årsmarkeringa for den første organiserte utvandringa til Amerika (USA). Her har vi mange samarbeidspartnarar og prosjekt på gong, der vi bidreg inn mot søknadar for finansiering og faglege innspel.

Amerikareisen, Emigrating to Amerika, er ei visuell interaktiv roman som firmaet Tidvis utviklar. Her er vi i prosjektstyringsgruppa saman med Vestland fylkeskommune, Vesterheim, the National Norwegian-American Museum and Folk Art School og Tidvis. Vi har støttespelarar over heile landet, i alle sektorar, museum, bibliotek, historielag, foreiningar, NDLA, skuler m. fl.

Vi er også involvert i *Det løfterike landet*, ei showforestilling Fjellkoret skal sette opp i heile fylket, basert på innsamla Amerikafortellingar, der fortellingar samla inn på Sletta er blant råmaterialet som til slutt skal vere med i manus. Dette materialet er samla inn med samarbeidspartnarane våre Memoar. Til forestillinga skal vi også bidra med bilete til ei utstilling.

Prosjektet *Vågespel*, med Duo Riber og Horvei skal verte ei forteljar-, musikk- og multimediaforestilling, med KI-genererte gamle amerikabilde for å levandegjere fortellingane. Dette prosjektet er mellom anna basert på kjeldemateriale samla inn i høve det tidlegare samarbeidsprosjektet Migrasjon.

Avdelingsleiar er også styremedlem i NAHA-Norge (Norwegian-American Historical Association).

Frivillige, samarbeidspartar og medverking

Vi har eit aktivt vennelag med eit styre på 5-6 personar. Det er lagt ned kring 500 timar frivillig innsats frå styret i venneforeininga og frivillige enkeltpersonar, med planlegging, for- og etterarbeid i samband med møter og arrangement og aktivitetar, i tillegg til hjelp i kafé.

Kafé Emigranten er ei arena for aktiv samhandling og har vorte ein viktig sosial møteplass. Vi får jamleg hjelp av frivillige frå venneforeininga til å hjelpe i kaféen saman med ein av oss.

Vi hadde i skuleåret 23/24 elevbedrifta med *Karane frå Austebygd* skule med oss ein gong i månaden, medan skuleåret 24/25 er det ei ny elevbedrift, *Austebygds Englebarn* som er med oss. Dette skuleåret har ikkje skulen kapasitet til å vere med så ofte, men engleborna har vore med to gongar på haustparten, og kjem att tre gongar i vår.

På Halloween hadde vi med oss to ungdommar gjennom Operasjon dagsverk, i år som vi også har gjort tidlegare.

Vi har hatt fleire film- og fotoframsyningsarrangement med gamle bilete frå Radøy i samarbeid med representant frå Radøy sogelag, som også er styremedlem i venneforeininga vår.

Vi har vore ute to turar med Reisekista i samband med Den kulturelle spaserstokken. Vi var på Lindås seniorsenter og på Seniortreff på Rossland. Dette var veldig kjekt og vellukka, og vi gler oss til å besøka fleire arenaer i det kommande året.

Marknadstiltak


I oktober reiste avdelingsleiar, som også har hatt ansvar for marknadsføring i MUHO, saman med direktør og avdelingsleiar for Tekstilindustrimuseet til København saman med Visit Bergen. Her møtte vi eit stort tal turoperatørar som organiserer og sender turistar til Norge. Her fekk vi speed date dei enkelte operatørane og kunne knytte kontaktar og fortelje kva vi i MUHO har å tilby, og verte kjent med oss. Vi er spente på kva det vil føre med seg, men møter med nokre av operatørane var i Bergen alt i november. Dette var også ei god og viktig læringsarena for oss opp mot marknaden, og vi vart dessutan også kjende med andre tilbydarar i vår eigen region, som var med på samme turen.

I sommar fekk på plass nytt stort områdeskilt ved parkeringsplassen. Dessutan fekk vi oppgradert eit anna informasjonsskilt, som mellom anna kan sjåast når ein kjem i retning frå den nye, nye veggen som opna i april. Områdeskiltet er også lagt på nettsida vår, slik at ein digitalt kan klikke på bygningane og få meir informasjon om dei. Det er lagt ut QR-koder på området slik at artiklane om bygningane og monumenta kan lesast når ein er på eiga hand og museet er stengt.



Sosiale media og digital formidling

Vi deltok i eit EU Erasmus +-prosjekt Small museums on the go, der MUHO er part saman med små museum i Italia, Kroatia og Kypros. Dette prosjektet skal hjelpe små museer til å verte synlege for eit større publikum, med digitale verktøy som er tilgjengeleg i EU-systemet. Avdelingsleiar og direktør var på møte i Roma for avslutning av dette prosjektet. I etterkant av dette prosjektet fekk vi mellom anna publisert alt frå Digitalt museum også til Europeana, som er EU sin felles digitale museumsportal. Vi har også fått større fokus på OpenStreetMap, som også er ei open access reisekart med destinasjonar som vert brukt av turistar og reisande i heile Europa og verda. Målet er å verte synleg for fleire.



Vi held oppe fokuset på styrking av sosiale media og marknadsføring, og har deltatt på fleire kurs og webinar. Vi har fått ut fleire artiklar på nettsidene våre som også kan nåast via QR. Det er også publisert ein artikkel på Digitalt museum, i tillegg til at flesteparten av dei primusregistrerte gjenstandane er publisert i Digitalt museum.

For tida er det reels, korte videoar, gjerne med musikk, som er det som får flest visningar, og vi lagar difor mest av den sorten, og det verkar til dels bra. Fleire av videoane våre har fleire tusen visningar, men vi kan ikkje snakke om slike tal som Havrå har med sine virale snuttar.

Mål for heilskapleg samlingsutvikling

Det nærmar seg 200 årsjubileum og i den samanheng ønskjer vi å få fram brev, gjenstandar og fortellingar knytt til den norske utvandringa til Amerika.

Vestnorsk utvandringssenter har i utgangspunktet ikkje så stor samling av dette, og ønskjer ei meir systematisk innsamling av gjenstandar og brev knytt til utvandringa til Nord-Amerika. Vi er interessert i gjenstandar frå heile perioden, også nyare ting. Kanskje har familien slekt i USA eller Canada som har sendt gåver eller brev "heim" til Norge? Vi ønskjer ikkje minst også å få fortellingane knytt til dette. Difor har vi avtalt samarbeid med Memoar, som samlar inne munnlege fortellingar, til å gjere intervju av gjevarane, slik at vi får ei historie knytt til gjenstandane. Kor og kven kjem den frå, korleis vart det opplevd å få slik post?

I året som gjekk fekk vi hjelp av NRK Hordaland og var ved to høve på morgonsendinga med oppmodinga til folk, og fekk fleire gåver som resultat av dette. Vi har dessutan også delt oppmodinga vår på nettsida og i sosiale media.

6 Mål Trygg ivaretaking

Samling

Også dette året har vi fått hjelp av Dokumentasjonsteam. Denne gongen var det to frå Bevaringstenestene som kom for å hjelpe å pakke ned og sende utstillinga *Minner frå ein krig*, om 99. bataljon inn til Fellesmagasinet i Salhus. Dette er utruleg verdifull og god hjelp. Denne utstillinga var frå 2012 og mykje av det teknologiske svikta, skjermar med filmar som ikkje ville starte mm. I tillegg var sikkerheita i utstillinga ikkje tilfredsstillande. Etter at samlinga kom til Salhus fekk vi hjelp til å registrere i Primus. Fellesprosjektet «Dokumentasjonsteam» bidreg til å auke kvaliteten og kvantiteten på primusregistreringane i musea i Vestland.



Bygg og anlegg

Restaureringa av Nybyggerstova vart nær ferdig i 2024. Vi har fått midlar frå Museumsløftet og Uni-stiftelsen for istandsettingsprosjekt. Eigarstiftinga er samde i løysinga vi har kome fram til når det gjeld ivaretaking av Nybyggerstova. Vi har hatt tre ulike handverkarfirma på befaring og fekk til slutt med oss byggmester og arkitekt Ivar Fineid til å utføre arbeidet.

Stova toler ikkje det norske klimaet, og glasplatene, "regnjakka" som har vore på for å verne bygget fungerte ikkje slik ein håpa. Glaset vart teke ned. Bygningen har sige ca 15 cm i eine hjørnet, dette

vart jekka tilbake, retta opp og det er bygd opp under eine hjørnet. Det er og sett inn stog som vil halde huset på plass. Husbukk hadde ete av nedste stokken som er i norsk furu, og ikkje i amerikansk eik som det originale bygget. Denne måtte skiftast ut. Den vetle tømmerstova har vore kledd i tida si i Minnesota, og for å beskytte huset mot det fuktige klimaet vart det å kle bygget den beste og mest autentiske løysinga. Tre av veggane, dei mest utsette får kledning, medan den siste veggen, inn mot landsbyen og til dels skjerma for veret, vert ståande utan kledning, og vil vise den amerikanske byggeskikken.

Eigarstiftinga vart framlagt og var samde i denne i løysinga for å ta vare på Nybyggarstova.



Fengselet har fått nytt tak, og skulestova er vaska og måla. Taket på Lærarbustaden er også vaska. Trappa opp til Emigrantkyrkja var sliten og trengte vøling. Vi fekk ein pensjonert steinarbeidar til å hjelpe oss med å ordne denne, saman med handverkaren vår. Frivillige hjalp også til med luking og vårstell på uteområdet, og å vaske monumenta. Elles er det drive førefallande vedlikehald.

